

JØSNESET UNGDOMS LAG

Tid/stad: Trivselstova 26.03.2011 kl. 14.30

Frammøte: I forkant av årsmøtet arrangerte JUL fotokurs med Hetland Media. Då møtte 4 stk + 2 (3) frå styret. På sjølve årsmøtet møtte 2 stk utanom 4 stk frå styret (Ola Skiftun, Anne Hjorteland, Svanhild H. Gbada og Sven Westersjø). Maria Brandal hadde meldt fråvær. Varamedlemmene møtte ikkje, heller ikkje nokon frå valnemnda.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste: Innkalling er sendt ut i alle postkassar på Jøsneset + plakatar + nettsideartikkel. Ingen merknader

2. Val av møteleiar og referent: Møteleiar: Anne, referent: Svanhild.

3. Årsmelding 2010 var sendt ut med innkallinga . ingen merknader.

Rekneskapet 2010: Sven la fram rekneskapen. Årsmøtet hadde ingen merknader, men tok førehald om endeleg godkjenning av revisor. *NB: revisor godkjente rekneskapet nokre dagar etter årsmøtet.*

4. Årsplan 2011: Det sitjande styret har laga eit utkast med m.a følgjande arrangement for 2011: Påskerevy/fest/dans påskeaften, Hardhausen 1.pinsedag: samarb m/ Heleslaget, Sommarfest for ungdom: dato ikkje fastsett, Rennebilløp 23.juli og den årlege aktivitetsdag (august?). Årsmøtet fann det vanskeleg å kome med fleire forslag, og/eller godkjenne årsplanen då kun 1 person i framtidig styre var frammøtt. Årsmøtet ga styret fullmakt til å ferdigstille og godkjenne årsplanen for 2011.

4: Val: Ingen frå valnemnda var til stades, og deira forslag var utan forslag til leiar (som skal veljast av årsmøtet). Heller ingen av dei 3 foreslegne nye styremedlemmene var til stades. Årsmøtet fann det difor vanskeleg å foreslå/velje leiar, då ingen visste kva dei nye representantane ønskjer med sitt verv i JUL. **Vedtak:** Etter ei drøfting att og fram vedtok årsmøtet å velje inn dei tre foreslegne kandidatane, men delegerte val av leiar til styret. Sven kallar inn til første styremøte snarleg der styret konstituerer seg og vel leiar. Det nye styret består nå av: Joar Rosså, Torstein Rødde, Sigbjørn Nesvik (alle nye, vald for 2 år), Sven Westersjø og Maria Brandal fortset 1 år til. Varamedlemmer: som før Ingunn Nesvik og Roald Jensen (begge vald for 1 år). Svanhild melde seg frivillig som www.josneset.no-skribent på vegne av JUL: Ho blei difor vald inn som 3. varamedlem knytt til den oppgåva (dvs styret melder inn saker/stoff som dei ev vil ha kunngjort på nettsida til henne). Valnemda: Lene Hjorteland, Anne Auglend, Anne Hjorteland (ny) (dvs Anita Skiftun gjekk ut av valnemnda). Det blei ikkje vald tenårings-representantar+til styret då ingen av desse var til stades.

6: Eventuelt: Ingen innmeldte saker. Anne, Ola og Svanhild fekk takk/blom/gåve for sine bidrag i styret i JUL. Revisor Richard Jensen fekk òg blom som takk for frivillig arbeid med rekneskapet.

Referent: Svanhild Hjorteland Gbada, 28.03.2011.